



Møtebok for Formannskapet

Møtedato: 20.04.2021
Møtestad: Brannstasjonen på Mo
Møtetid: 09:00 - 12:00

Formannskapet skal på bedriftsbesøk hos Testlab Vest klokka 0900 - 1000

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	Meldt forfall

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Linda Neset	SO	Varamedlem	vara for Ann-Jounn Farestveit

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Administrasjon	
Ove Sæbø	Assisterande rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
010/2021	Godkjenning av innkalling og sakliste
011/2021	Godkjenning av møteprotokoll
012/2021	Orienteringssaker
013/2021	Kommunal kompensasjonsordning til verksemder i Modalen

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	21/99

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
010/2021	Formannskapet	PS	20.04.2021

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Formannskapet - 010/2021

FOR - behandling:

Samrøystes vedteke

FOR - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-033	21/99

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
011/2021	Formannskapet	PS	20.04.2021

Godkjenning av møteprotokoll

Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

Saksopplysningar:

Formannskapet - 011/2021

FOR - behandling:

Samrøystes vedteke

FOR - vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 09.03.2021

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	21/99

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
012/2021	Formannskapet	PS	20.04.2021

Orienteringssaker

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Formannskapet - 012/2021

FOR - behandling:

Rådmannen:

- Kororanasituasjonen er stabil i Modalen. Føl p.d.d. dei nasjonale tiltaka.
- Progresjonen med bygging av nytt kommunehus er framleis i rute. Mogleg bekymring knytt til moglege forseinkingar på leveransar i samband med pandemi/logistikk, ingenting er pr. no stadfesta av slike forseinkingar.
- Prøve å få til eit besøk i den nye kommunehuset i neste formannskapsmøte.
- Det er inngått avtale med Arsana om leige av kommuneoverlege/smittevernlege i overgangsperiode fram til ny kommuneoverlege er tilsett – 31. aug 2021. Moglegheit for forlenging ut 2021. Er i prosess i forhold til tilsetjing av ny kommuneoverlege.

Kristin Nåmdal hadde spørsmål:

- Dagsturhytte, etterlyser ny dato for formannskapet sitt besøk på staden. Rådmannen avventer ny dato frå teknisk etat. Leveransen kjem som avtala til Mo. Kristin Nåmdal: Viktig å ta med vurderingar knytt til infrastruktur; parkering m.m. i planlegging av liknande prosjekt framover. Detaljert plassering må vurderast i samband med synfaring. Kanskje vurdere dronefilm for å kartleggje forholda i samanheng med at snøen no forsvinn.
- Turveggar og turstiar i Modalen kommune. Korleis kan ein sikre at kvaliteten på desse områda vert ivaretatt. Etterlyser kva Modalen kommune kan vil gjere/tiltaksplan. Bør ta kontakt med aktørane, til dømes idrettslaget, for å drøfte veg vidare.

Rådmannen vil undersøkje status for å følge opp kulturplanen m.o.t. turløper; prioriteringar, oppgraderingar, vedlikehald – plan for dette arbeidet må lagast i 2021 og vere førande for prioritering av midler i investeringsbudsjetten for 2022 - 2024. Det er sett av 250 000 kr til dette føremålet kvart år i åra 2022, 2023 og 2024 i økonomiplanen.

Vurdere å nytte ungjobb m.m. til stirydding/kvistklipping etter avtale med grunneigarar i sommar.

Liv Anne Aanesen: Bør gjere vurderingar om kva tiltak som bør/må gjerast på dei ulike stiane.

- Kommunen si rolle i forhold til 17. mai-feiringa. Rådmannen ventar på nasjonale retningslinjer for 17. mai. Dette er venta i andre halvdel av april, jfr. regjeringa sin gjenopningsplan for landet. Det vart i 2020 utarbeida ein lokal rutine for planlegginga, inkl. kven som kallar inn til det første møtet.
- Kva er status vedr. ny geologisk undersøking på Mo. Rådmannen opplyser at det er bestilt ein del grunnlagsdokumentasjon frå interkommunalt arkiv for å kunne vurdere moglege tiltak framover. Vurdere å sjå heile Mo i ein samanheng. Vil også vurdere å sjå Seten-arealet m.o.t. tilrettelegging for nybygging. Må lyse ut konkurranse om geologisk rapport. Kristin Nåmdal peika på at ein bør få ein geologisk vurdering av rasfare/-sikring på Mo m.o.t. ytterlegare bygging i samband med vurdering av grunnforholda.
- Kristin Nåmdal minna om at regional transportplan kjem på høyring i ca. mai. Modalen bør sende inn eigne høyringsinnspel.

Håvard Engeseth:

- Etterspurde status for midlar/tiltak skuleområdet. Ber om orientering til neste formannskapsmøte.

Linda Neset:

- Orienterte kort om status for Modalselva. Det er satt ut mykje småfisk. Mykje småfisk har kome tilbake til elva som laks. Det var gjort prøvefiske i fjor – 53 laks (snittstorleik ca 4 – 6 kg). Gytebestand vart då estimert til å vere om lag 300 laks. Spannande med prøvefiske framover. Ynskje frå formannskapet om å få ein presentasjon i kommunestyret.
- Etterlyser veglys i dalen – er det råd utvide? Administrasjonen viste til at dette vart aktuelt å sjå i samband med plan for klima, miljø, energi og samferdsle, og at dette kan høyre saman med med trafikksikring i samband med samferdsledelen. I kommunal planstrategi er dette peika ut å skje i 2022.

- Ordfører vil ta dette opp under synfaring med fylkeskommunen og vegvesenet.

Liv-Anne Aanesen:

- Etterlyste status om innspel om aktivitets-/treningsapparat. Dette skulle sjåast i samanheng med plan for skulen. Administrasjonen undersøker status. Ordfører melder tilbake til søkjar, Simona Arnesen, om status. Det er sett av 500 000 kr til oppgradering av uteområdet til skulen i 2021.

Ordfører:

- Det er avtala dato (26. mai) for synfaring kor ein skal sjå på punkt langs vegen og elva kor det er risiko for flaum/oversvømming gjennom dalen. Vurdere tiltak og ansvar.
- Eigedomsskatt grunnlag for kraftanlegg – aktuelt søksmål;

Ordfører drøfta med LVK:

Kva om kommunen tapar saka; tilbakebetale den delen som inngår i søksmålet.

Kvifor gjeld det evt. berre åra som no er aktuelle? Åra før 2016 er klagefrist utgått.

Åra etter 2018 er endra slik det ikkje er grunnlag for klage og krav om tilbakebetaling.

Linda Neset (vara til styret i MNB AS) og Kristin Nåmdal (sambuar med styreleiar i MNB AS) vart vurdert inhabile i neste sak.

- Ordfører orienterte om status for dialog med Modalen næringsbygg AS
 - Ordfører ynskjer gjennomgang av selskapet, sak bør komme til kommunestyret. Vurdere å be om ekstern bistand for å gje råd om korleis vurdere selskapet i forhold til framtida.
 - Ynskjer å drøfte med formannskapet korleis prosess framover bør gå føre seg.

Formannskapet rår til at saka vert drøfta i gruppene, og at ordfører orienterer kommunestyret om saka.

FOR - vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE-223	21/15

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
013/2021	Formannskapet	PS	20.04.2021

Kommunal kompensasjonsordning til verksemder i Modalen

Forslag til vedtak:

Formannskapet løyver kr. 30 000,- i tilskot til Modalen pensjonat og kr. 220 000,- i tilskot til Mobryggen Drift AS. Begge løyvingane vert gjevne innanfor regelverket om bagatellmessig stønad.

Saksopplysningar:

Modalen kommune mottok brev frå kommunal- og moderniseringsdepartementet d. 25.02.21 – *tilbudsbrev kommunal kompensasjonsordning til lokale virksomheter*. I samband med brevet mottok kommunen kr. 250 000,- i tilskot til vidarefordeling til verksemder. Føremålet med tilskotet er å setje kommunane betre i stand til å avhjelpe situasjonen for lokale verksemder som er særleg hardt ramma av lokale eller nasjonale smitteverntiltak knytt til koronapandemien.

Ordninga skal virke som ein lokal ventilorning for å kompensere lokale verksemder som har hamna heilt eller delvis utanfor dei generelle kompensasjonsordningane. Det skal kunne gjevast stønad som skal kompensere kostnader, tap som følgje av smitteverntiltak og nedstenging.

Dette er såleis ikkje ei ordning som rettar som mot nye tiltak eller prosjektfinansiering.

Bakgrunn

Modalen kommune lyste ut ordninga på heimesida med søknadsfrist 4. april. Søknadsportal var www.regionalforvaltning.no. Det kom 2 søknadar innan fristen; Modalen pensjonat og Mobryggen Drift AS.

Grunnlaget for tilskotsordninga er knytt til koronapandemien som har gjort det spesielt krevjande for ulike delar av næringslivet i kommunane å få endar til å møtast. Noko av det som har vore kritisk å demme opp for er risiko for at arbeidsplassar skal gå tapt. Modalen kommune vurderte difor å setje kriteriar som skulle gjere tilgongen til midlane både enkel og tilgjengeleg for søkjarar.

Mål for ordninga i Modalen:

- å avhjelpe situasjonen for lokale verksemder som er særleg hardt ramma av lokale eller nasjonale smitteverntiltak.

Kriteriar:

- verksemda har hatt omsetningssvikt i 2020 og/eller 2021 som følgje av nasjonale eller lokale smitteverntiltak
- verksemda har falt heilt eller delvis utanfor dei generelle kompensasjonsordningane
- verksemda har stor omsetningssvikt i 2020/2021 grunna pandemien

Vurdering

Modalen pensjonal har i sin søknad vist til ein omsetnadstap i 2020 på kr. 88 000,- og eit venta omsetnadstap i 2021 på kr. 20 000,-. Det er opplyst at det vart motteke tilskot frå Modalen kommune på kr. 20 000,- i 2020. Søknadsbeløp: kr. 88 000,-.

Mobryggen Drift AS har i sin søknad vist til samla omsetnadstap i 2020 på kr. 1 900 000,-. Verksemda opplyser å ha motteke kr. 680 928,- i ulike tilskot i samband med pnademien. I vedlagte søknadsbrev er det gjort greie for permiteringar i 2020, kollaps i inntekter, nedstenging, tæring på egenkapital, fråseiing av dagleg leiar si løn. Faste totale utgifter for 2021 er på kr. 2,6 mill. Verksemda bekymrar seg for at dei på søknadstidspunktet er på veg inn i den 3. koronabølgja som vil føre til begrensingar og utfordringar for drifta, og som vil føre til uvisse vedr. inntekter framover. Verksemda er i ferd med å tilsetje 4 personar med lokal forankring. Eit tilskot vil kunne bidra til å gjennomføre denne tilsetjingsprosessen, samt gje eit økonomisk pusterom.

Rådmannen si vurdering er at det i søknaden frå Modalen pensjonat er avgrensa informasjon som underbyggjar behovet for tilskot. Det er ført opp summar, men desse er ikkje gjevne noko utfyllande informasjon med omsyn til t.d. alvorsgrad i situasjonen deira. Det er likevel rimeleg å leggje til grunn at verksemda har hatt betydeleg inntekstbortfall som følgje å kraftig reduksjon i resielivsverksemda nasjonen over. Rådmannen rår til at vert løyvd kr. 30 000,- i tilskot.

I vurderinga av søknaden frå Mobryggen Drift AS legg rådmannen til grunn at det er gjort greie for situasjonen på eit vis som syner kva tilskotet skal demme opp for, kva vurderingar selskapet sjølv har gjort av situasjonen og verknadane av pandemien. Rådmannen rår til at det vert gjeve kr. 220 000,- i tilskot.

Begge verksemdene er innanfor målsetjinga om at tilskotet skal kunne bidra til å avhjelpe situasjonen for verksemder som er særleg hardt råka av smitteverntiltak / verknadar av pandemien.

Begge verksemdene viser til omsetnadssvikt i 2020, og ventar ytterleagre svikt i 2021. Årsakane er pandemien, samt påfølgjande nasjonale og lokale smitteverntiltak.

Konklusjon

Rådmannen rår til at det vert løyvd kr. 30 000,- i tilskot til Modalen pensjonat, og kr. 220 000,- i tilskot til Mobryggen Drift AS.

Formannskapet - 013/2021

FOR - behandling:

Ordfører og assisterende rådmann orienterte om saka og svara på spørsmål.
Samrøystes vedteke

FOR - vedtak:

Formannskapet løyver kr. 30 000,- i tilskot til Modalen pensjonat og kr. 220 000,- i tilskot til Mobryggen Drift AS. Begge løyvingane vert gjevne innanfor regelverket om bagatellmessig stønad.

Vedlegg:

Søknad frå Mobryggen Drift AS - del 1

Søknad frå Mobryggen Drift AS - del 2

Søknad frå Modalen pensjonat

21/1215-2 Tilskuddsbrev kommunal kompensasjonsordning til lokale virksomheter

Vedlegg 1 - Fordeling kap. 553 post 68 25.2.2021(1350980)